


INNREIING AV LEILEGHEIT I EKSISTERANDE BYGG

(PBL § 20-1)

Søknad om innreiing av ny leilegheit i eksisterande bygg må sendast inn av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkjar. Søkjar har ansvaret for at søknaden er komplett.

Søknad skal sendast til:

Hornindal kommune
Postboks 24
6761 Hornindal

**ByggSøk**

Det blir tilrådd å bruke nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får rettleiing om utfylling undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

Det kan veljast ulike søknadsformer:

- Eit-trinns søknad: Komplett søknad blir sendt inn. Naboar skal vere varsla, evt merknader frå naboar skal kommenterast og blir vedlagt søknaden. Alle ansvarlege føretak (prosjekterande, utførande og kontrollerande) må vere valt. Detaljprosjekteringa må vere utført og kontrollert.
- To-trinns søknad: Det blir først søkt om rammeløyve. Dette kan vere aktuelt dersom ein ynskjer å få avklart om ein i det heile kan få løyve til å innreie ei ekstra leilegheit i bygget. Det blir søkt om igangsettingsløyve når tiltaket er ferdig prosjektert og utførande er valt.

Søknaden kan ikkje sendast inn av tiltakshavar sjølv. Søknaden må sendast inn av eit føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkjar.

Ved behov kan søkjar eller tiltakshavar oppmode om førehandskonferanse.

Komplett søknad i 1 eksemplar etter pbl 20-1 skal innehalde (jf. SAK10 § 5-4):

Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søker	NBR nr. 5174*, 5175*, evt. 5151*, 5159* og 5160*
Kopi av nabovarsel. Naboar skal også varslast dersom det vert søkt om dispensasjon. Søknaden skal ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er gått ut.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar, med utgreiing for korleis desse evt. er teke omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må være av ny dato, og bestillast hjå kommunen.	
Teikningar (planar, snitt og fasadar i målestokk, f eks. M 1:100, og dokumentasjon av estetisk tilpassing)	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklasser, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene.	NBR nr. 5185*
Søknad om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og evt. kontrollerande	NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160*.
Uttale eller vedtak frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)	
Evt. dispensasjonssøknad / søknad om avvik frå krav i teknisk forskrift.*	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Sjå bakside ⇒



Norsk Kommunalteknisk Forening, NKF byggesak, Postboks 1905 Vika, 0124 Oslo
Tlf: 22 04 81 40 ó E-post: nkf@kommunalteknikk.no ó Internett: www.kommunalteknikk.no

Informasjonsarkene er utviklet av Kristiansand kommune og rettighetene er overdratt til NKF og kan ikkje kopieres vidare eller tilgjengeliggjøres på annan måte uten avtale. Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar.

INNREIING AV LEILEGHEIT I EKSISTERANDE BYGG

(PBL § 20-1)

- F = = **Ett-trinns søknad skal innehalde:**
 | F = **Søknad om rammeløyve skal innehalde:**
 | | F = **Søknad om igangsettingsløyve skal innehalde:**
 ↓ ↓ ↓

	Søknadsskjema NBR 5174 og 5175 utfylt nøyaktig og underteikna av både tiltakshavar og søkjar.
	Søknadsskjema NBR 5151 utfylt nøyaktig og underteikna av både tiltakshavar og søkjar.
	Kopi av nabovarsel. Det skal gå fram av nabovarselet dersom det vert søkt om dispensasjon. Det må også koma fram av nabovarselet at evt. merknadar frå naboar eller gjenbuara skal sendes ansvarleg søkjar (gjerne med kopi til kommunen) innan to veker etter at nabovarselet er sendt. SAK10 § 5-2 spesifiserer anna innhald i nabovarselet. Evt. nabomerknader vert lagt ved søknaden, og det må gjerast greie for korleis desse evt. er teke omsyn til.
	Situasjonsplan i målestokk 1:500 med bygningen teikna inn i målestokk. Kartgrunnlaget bestillast hjå kommunen. Det må vises korleis krav til parkering og uteopphaldsareal blir ivareteke. Ein merksam på at ei ekstra buening medfører økt krav til parkering og uteopphaldsareal.
	Teikningar skal være i målestokk 1:100 (1:200) og fagmessig utført. Det må visast korleis dei tekniske krava vedkomande romhøgde, bodplass, krav til dagslys etc. blir ivareteke. Teikningane skal også vise terrenghøgder utanfor bygget.
	Gjennomføringsplan som inneheld oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjeningsområde og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene, jf. SAK 10 § 5-3.
	Søknad om ansvarsrett for prosjekterande (PRO) og evt. kontrollerande (KPR).
	Dokumentasjon (Utgreiing/teikningar av tiltaket) som ivaretek krav i rammeløyve. Eventuell supplerande dokumentasjon i samsvar med krav i rammeløyve.
	Søknad om ansvarsrett for prosjekterande føretak i den grad det ikkje er dokumentert ved rammesøknad, samt utførande (UTF) og evt. kontrollerande for utføringa (KUT).
	Søknad om dispensasjon / avvik frå TEK. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd grunnitt søknad, jf. pbl § 19-1. Ved avvik frå TEK må det ved søknaden leggst ved ei utgreiing, jf. pbl § 31-2.

Deler av dokumentasjonen angitt i SAK § 5-4 kan utelatast dersom ein finn dette forsvarleg. Det må koma fram av søknaden kvifor dokumentasjonen ikkje er med.

Bygningsstyresmakta kan ved tilsyn be om dokumentasjon på korleis lova sine krav til branntryggleik, lydskille, universell utforming, planløyvsning etc. er ivaretatt.

Når kan arbeidet ta til?

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar eller gjenbuara.
- Det er ikkje nødvendig med ytterligare løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga saksbehandlingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt, kan ikkje arbeidet ta til før det ligg føre skriftleg løyve frå kommunen. Det blir tilrådd å ta kontakt med kommunen før oppstart.

Leilegheita kan ikkje takast i bruk før det er gjeve bruksløyve eller ferdigattest.



Norsk Kommunalteknisk Forening, NKF byggesak, Postboks 1905 Vika, 0124 Oslo
 Tlf: 22 04 81 40 ó E-post: nkf@kommunalteknikk.no ó Internett: www.kommunalteknikk.no

Informasjonsarkene er utviklet av Kristiansand kommune og rettighetene er overdratt til NKF og kan ikke kopieres videre eller tilgjengeliggjøres på annen måte uten avtale. Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar.